
Fra: Arne Askeland <arneaske@online.no>
Sendt: onsdag 23. mai 2018 16.27
Til: Postmottak Radøy
Emne: Innspel til trafikksikringsplan

Hei

Radøy Manger Fotballklubb har ein del innspel til trafikksikringsplanen.

Punkt 1:

Sikring av området rundt Grønålen og Radøyhallen.

Fotballklubben har tidlegare sendt inn forslag til kommunen, om bedre sikring av dette området, utan å ha fått svar.

Det er stor trafikk på vegen forbi Grønålen ned til Radøyhallen og ungdomsskulen og vi er svært redd for at det vil skje ulykker her, spesielt dei dagane ungdomsklubben har aktivitetar, er det ekstra stor trafikk.

Fotballklubben ynskjer at desse tiltaka vert iverksatt:

- Laga fartsdumpar på vegen ned til Radøyhallen, den første bør vera der vegen startar ved busshaldeplassen. Vi ser for oss at det bør vera minst tre fartsdumpar.
- Laga fortau mellom vegen og fotballbana
- Setje opp meir lys, spesielt frå innkjørsel til bua i Grønålen og heile området mot Radøyhallen. Her er det svært mørkt om haust/vinter, spesielt i regn

Punkt 2:

Austmarka kunstgrasbane.

- Her ynskjer vi at det vert montert veglys langs vegen ned til bana og rundt parkeringsplassen
- Det bør også vurderast fartsdumpar på vegen
- På sikt bør det også her lagast fortau, vegen er smal og mørk om haust/vinter

Radøy Manger FK er største idrettslaget på Radøy og har stor aktivitet, med treningar nesten kvar einaste kveld, med utøvarar frå 6 år og oppover.

Det er viktig at foreldre kan vera trygge for borna sine, når dei deltek på våre aktivitetar og det er derfor viktig, at kommunen iverkset desse tiltaka.

Mvh
Arne Askeland
Leiar RMFK

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10